REFERAT FRÅ FAU-MØTE FOR VIKE MONTESSORISKULE

Vike Montessoriskule, 26.02.2025 kl. 19.30-21.00

Desse møtte:

Torgeir Hellebust, Mikal Villa, Bård Olav Hjelvik, Jon Osdal, Magnus Nerheim, Ranja Hjelvik og Malin Balstad

Sak 13/2025: Påskefrukost:

- Fredag 11. april.
- Malin har hovudansvaret for organisering, men alle i FAU skal være med å hjelpe til.
- Bård Olav sender ut infoskriv til alle føresette og høyrer om nokon kan hjelpe til. Her er det ønske om at vi spør dei same som sist Med tanke på å ha ansvar for den glutenfrie maten.
- Vi gjentar suksessen – høyrer med Vike Helselag om dei kan steike sveler og ikkje minst hjelpe oss elles på dagen.
- Stasjon med yoghurt, oppskore frukt og müsli.
- Italiensk salat og eggesalat frå Gjermundnes VGS.
- Bård Olav skal sjekke ut om vi skal kjøpe/få laks – røyke og servere på frukosten.
- Vi lagar IKKJE graut denne gongen
- Malin kjøpar inn litt påskepynt, blant anna elektriske telys.
- Alle i FAU må prøve å stille kvelden før for å ordne til med bord, stoler, pynting osv. Så stiller vi alle klokka 07.00 dagen det er frukost.

Sak 14/2025: Elevkveld

- Tysdag 18. mars for gruppe 1 og onsdag 19. mars for gruppe 2. Planleggingsmøte 11. mars.
- Torgeir skal ta ein telefon til dei som står på lista for hovudansvaret for elevkveldane – er dei komfortable med rolla, stiller dei forberedt til planleggingsmøte.
- Også foreslått å presisere litt meir på skrivet som blir sendt ut:
  - Dele opp gruppa i tre og organisere tre ulike postar med gjennomtenkte aktivitetar som for eksempel:
    - Gymsal med ballspel/ hinderløype/ stafett
    - Ute med tulliball/ rebus
    - SFO med laging av påskepynt
  - Det SKAL være styrte aktivitetar, ikkje fri leik.

Sak 15/2025: Status/info gapahuk i Gjermundnesskogen

- Jonas Krogset har tilbydd seg å utføre grunnarbeidet.
- Prosjektgruppe: Torgeir Hellebust – leder, Geir Olav Frostad, Kim Rodi Brudeseth, Jonas Krogset og Sveinung Dragnes.
- Det må utarbeidast ein skriftleg avtale med grunneigar Kjell Ottar Gjermundnes.
- Maritim Motor vil sponse med 20 000,-.
- Bård Olav har sendt ut til andre aktuelle for å høyre om sponsing – ikkje fått tilbakemelding endå.
- Forslag om å kjøpe ferdig byggesett av gapahuk.

Sak 16/2025: Orientering/ drøftingssaker

- **Neste møte:** ingen planlagde møter, men setter opp dersom det kjem inn aktuelle saker.

Skrivar: Malin Balstad